



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Driftsstyret  
**Møtestad:** Dalsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 19.04.2017  
**Tid:** 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerkes	Leiar	SP
Hild Våge	Nestleiar	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Inger-Johanne Johnsen	sektorsjef kultur og service
Astrid Gjersdal	leiar frivilligsentralen
Bente Kristin Krøvel	møtesekretær

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 12/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 13/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 11/17	<b>Orientering</b>
PS 14/17	<b>Kulturmidlar - Volda kommune</b>
OS 12/17	<b>Årsrapport, Frivilligsentralen i Volda, orientering</b>



## VOLDA KOMMUNE

- OS 13/17      **Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 13. mars 2017**
- OS 14/17      **Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 14.12.2016**
- OS 15/17      **Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 30.11.2016**
- OS 16/17      **Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 15.02.2017**
- OS 17/17      **Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 18.01.2017**

### **PS 12/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Innkalling og sakliste vart godkjend.*

### **PS 13/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Møteprotokoll frå forrige møte 15.03.2017 vart godkjend.*

### **OS 11/17 Orienteringssaker**

#### **Orientering.**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om elevundersøkinga i skulane og om skulebidragsindikatoren.

### **PS 14/17 Kulturmidlar - Volda kommune**

#### **Handsaming:**

Etter fleire innspel samla driftsstyret seg om fylgjande framlegg til prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda.

#### **Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda**

- 1) *Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.*



## VOLDA KOMMUNE

- 2) *Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemsskap, vedtekter og vald styre.*
- 3) *Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år( med unntak av 2017). Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den ordinære tildelinga.*
- 4) *Gjenståande midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.*
- 5) *Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 6) *Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.*
- 7) *Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.*
- 8) *Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreiningar.*
- 9) *Søklar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.*
- 10) *Søknad skal og innehalde prosjektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.*
- 11) *Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.*

### **Røysting:**

#### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

#### **Prinsipp for tildeling av kulturmidlar i Volda**

- 1) ***Kulturmidlane skal gå til frivillige lag og organisasjonar i Volda og eventuelle felleslag med nabokommunar.***
- 2) ***Søkjande lag eller organisasjon må ha organisasjonsnummer, ope medlemsskap, vedtekter og vald styre.***
- 3) ***Ordinær tildeling av kulturmidlane vert gjort på vårparten kvart år( med unntak av 2017). Søknadsfrist 1. mai. Søknadar som kjem inn etter sett frist får ikkje tilskot ved den ordinære tildelinga.***
- 4) ***Gjenståande midlar kan fordelast til prosjekt og tiltak som det vert søkt på i løpet av året.***



## VOLDA KOMMUNE

- 5) *Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne.*
- 6) *Kulturmidlane er meinte til prosjekt/tiltak og skal ikkje dekke ordinær drift.*
- 7) *Nyskipa lag kan få oppstartstilskot etter særskild vurdering.*
- 8) *Det vert ikkje gjeve støtte til reint kommersielle tiltak og arrangement. Det vert heller ikkje gjeve stønad til politiske foreningar.*
- 9) *Søklar si årsmelding, rekneskap for siste år skal ligge ved søknaden så sant det ikkje ligg føre rimeleg grunn for fritak. For nyskipa lag må protokoll frå skipingsmøte ligge ved.*
- 10) *Søknad skal og innehalde projektskisse og budsjett for prosjektet/tiltaket det vert søkt midlar til.*
- 11) *Det vil verte lagt vekt på og vurdert kor stor sjølvfinansiering søkjaren stiller med. I dette ligg det andre inntekter, dugnad og eigeninnsats m.m.*

**Administrasjonen si tilråding:**  
*Saka vert lagt fram utan tilråding*

### **OS 12/17 Årsrapport, Frivilligsentralen i Volda, orientering**

#### **Handsaming:**

Leiar for frivilligsentralen, Astrid Gjersdal orienterte om årsrapporten for frivilligsentralen i Volda.

#### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Årsrapport for stiftinga frivilligsentralen i Volda vart teken til vitende.*

### **OS 13/17 Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 13. mars 2017**

#### **Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda teke til vitende.*



## VOLDA KOMMUNE

**OS 14/17 Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 14.12.2016**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Protokoll frå ungdomsrådet 14.12.2016 vart teken til vitende.*

**OS 15/17 Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 30.11.2016**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Protokoll frå ungdomsrådet 30.11.2016 vart teken til vitende.*

**OS 16/17 Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 15.02.2017**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Protokoll frå ungdomsrådet 15.02.2017 vart teken til vitende.*

**OS 17/17 Orientering til driftsstyret. Protokoll ungdomsrådet 18.01.2017**

**Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 19.04.2017**

*Protokoll frå ungdomsrådet 18.01.2016 vart teken til vitende.*

Møtet slutt kl. 16.00

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
20. april 2017

*Bente Kristin Krøvel*  
møtesekretær